

# Årsmelding 2005

# Føreord

Fjoråret vart positivt prega av ei brei tverrpolitisk semje om forskingspolitikken. Stortingsmeldinga – Vilje til forskning – sette offensive mål for kvalitet og omfang på norsk forskingsinnsats. Stortinget stadfesta måla, og Regjeringa Stoltenberg har gjennom Soria Moria-fråsegna halde fast ved dei høge ambisjonane. Forskingspolitikken får ikkje dei største overskriftene, men den breie semja om ei sterk og kvalitetsretta satsing på forskning og utvikling er svært viktig for utviklinga av samfunn og næringsliv.

Forskningsrådet hadde ved utgangen av året gjennomført to heile år med den nye organiseringa Stortinget vedtok i 2002. Det har vore utfordrande og skapande år. Nye strukturar og samhandlingsmønster skulle på plass utan at vi kunne tape kraft i det ordinære arbeidet. Vi meiner organisasjonen no er i svært god gjenge, men testen på det er sjølvsagt at alle utanfrå med krav og forventingar til Rådet, også oppfattar det slik. Vi ønskjer å arbeide på ein open og gjennomsynleg måte og vil derfor også svært gjerne ha tilbakemeldingar frå alle som samarbeider med oss.

Vi ser klart styrken i eitt forskingsråd. Det gir ei heilskapleg ramme der både grunnforskning og innovasjonsretta forskning er med, og det ligg godt til rette for å mobilisere til store satsingar. Vi ser eit positivt utslag av denne organiseringa i norsk deltaking i EUs forskingsprogram. Her har vi bidratt til at norske søkjarar samordnar seg godt, og dei lukkast betre enn forskarar i mange andre land.

Ei lang rad fagpersonar og organisasjonsrepresentantar tar del i arbeidet vårt gjennom verv i styre, utval og komitear, og enda fleire er med på konferansar, seminar og andre møteplassar vi organiserer. Eg vil takke alle som bidrar i det omfattande arbeidet vi gjer i søknadshandsaming og i utforming av forskingsstrategiar – til beste for norsk forskning.

Denne årsmeldinga er kortfatta. Meir stoff kan finnast på nettsidene våre ([www.forskningsradet.no](http://www.forskningsradet.no)). Her kan ein også finne den langt meir omfangsrike årsrapporten vi lagar til departementa.



Arvid Hallén  
*Administrerende direktør*



# Melding frå styret 2005

Hovudstyret i Forskningsrådet har i 2005 lagt særleg vekt på at norsk forskning skal ha høge ambisjonar både når det gjeld samla innsats, kvalitet og samfunnsnytte. Forskningsrådet gav viktige innspel til arbeidet med forskningsmeldinga som vart behandla i Stortinget i vårsesjonen. I perioden er det starta ein ny søknadsrunde for å støtte sentre for framifrå forskning. Nye sentra skal kunne starte i 2007. Det er også lyst ut eit nytt tilsvarande tiltak innanfor næringsretta forskning, Sentre for forskingdriven innovasjon (SFI).

Lanseringa av ei ny forskningsmelding i april var den klart viktigaste forskingspolitiske hendinga i 2005. Meldinga set høge mål for norsk forskning og peiker ut Forskningsrådet som ein sentral aktør i gjennomføringsarbeidet. Rådet får viktige utfordringar gjennom meldinga og det er alt lagt ned mykje arbeid i oppfølging.

## Strategien «Forskning flytter grenser» set hovudmåla for Rådet sitt arbeid

Forskningsrådet sin strategi vart vedteken av Hovudstyret i april 2004 etter ein omfattande prosess som involverte mange aktørar i det norske forskingssystemet. Strategien inneheld fem hovudmål, samt eit internmål med sikte på å betre vår eigen organisasjon. I det følgjande ser vi på nokre aktivitetar som i 2005 har medverka til å realisere måla i strategien.

### Kvalitet i forskinga

«Forskningsrådet skal medverke til at norsk forskning kjem opp på same kvalitetsnivå som i Norden elles.»

Fleire teikn tyder på at kvalitetsnivået i norsk forskning er blitt betra den seinare tida. Ei rekkje fagevalueringar viser at norske forskingsmiljø på sitt aller beste er i verdsklasse, men at ein samla sett likevel må arbeide for høgare kvalitet. Dei fleste evalueringane meiner at innsatsen på mange felt er fragmentert og at det må leggest auka vekt på forskingsleiing.

For å møte desse utfordringane har Forskningsrådet utvikla finansieringsordningane sine med vekt på større tildelingar og god organisering. Dei sterkaste tiltaka er Senter for framifrå forskning (SFF) og Senter for forskingdriven innovasjon (SFI). Det siste er eit nytt tiltak som vart utlyst for første gong i 2005. Hovudstyret tek avgjerder om tildelingsrundene i juni 2006.

### Senter for framifrå forskning

SFF-tiltaket skal stimulere til auka kvalitet gjennom ein sterkare

konsentrasjon av forskingsmidla og gjennom etablering av betre føresetnader for forskingsleiing ved institusjonane. Sjølv om vi enno ikkje er komne halvveis i perioden for dei første 13 sentra, er det klare signal om at sentra er med på å endre norsk grunnforskning. Dei er blitt tyngdepunkt for forskning på sine område, dei medverkar på rekrutteringssida og dei er blitt attraktive for høgt kvalifiserte utanlandskeforskarar. I 2005 bestemte Forskningsrådet mandatet for den såkalla midtvegsevalueringa av dei 13 første sentra. Evalueringa vil skje utover hausten 2006 og vil vere avgjerande for vidareføringa av kvart enkelt senter.

Ei ny utlysingsrunde vart gjennomført i 2005. I alt 98 søkjarar konkurrerer om å bli nye Senter for framifrå forskning. Kva miljø som går vidare til 2. runde, er klart i april eller mai 2006. Frå 2007 kan mellom fem og ti nye senter komme i gang.

### Forskning for innovasjon

«Forskningsrådet skal medverke til forskning som styrker norsk innovasjonsevne og konkurransekraft.»

Noreg scorar relativt lågt på dei innovasjonsindeksane som blir laga i regi av OECD og EU. Dette kjem av fleire tilhøve, ikkje minst at norske bedrifter investerer relativt lite i FoU. I tillegg har Noreg ein låg del av studentar innanfor realfag og teknologi. Norsk næringsliv er også prega av mange små-bedrifter; heile 85 prosent har fem eller færre tilsette. Det er også viktig at den norske næringsstrukturen er prega av få bedrifter i særskilt FoU-tunge bransjar som for eksempel bil-industri og farmasi.

Men mykje tyder på at desse indeksane ikkje fangar opp ein-skilde særlege sider ved norsk økonomi. For eksempel innoverer norske bedrifter meir i prosessar enn i produkt. Den høgt avanserte petroleumssektoren får ikkje statistisk utteljing for sin teknologibruk. Endringsviljen, for eksempel gjennom det å ta i bruk ny teknologi, er svært høg i Noreg, sjølv om FoU-innsatsen er for låg.



Sjølv om den noverande indeksmetodikken ikkje yter full rettferd til norsk innovasjonsevne, er det likevel all grunn til å halde oppe eit høgt innsatsnivå i innovasjonspolitikken. Den globale konkurransen gjer at Noreg må setje høge mål for å kunne halde oppe eit velstands- og velferdsnivå som vi ønskjer. Hovudstyret har det siste året lagt til rette for ein reorganisering av dei verkemidla Forskningsrådet har for den næringsretta forskinga med sikte på å styrkje FoU-verksemda i næringslivet.

### Ny verkemiddelportefølje for innovasjon

Etableringa av SkatteFUNN (skattefrådragsordninga for FoU-kostnader), etableringa av «Store program» samt ønsket om eit betre samspel med dei andre verkemiddelaktørane, la grunnlaget for å tenkje nytt rundt den nasjonale forskingsinnsatsen for innovasjon. I 2005 vart det derfor gjort omfattande analysar av dei innovasjonsretta finansieringstiltaka, og Forskningsrådet har på dette grunnlaget restrukturert verkemiddelporteføljen med sikte på å gjere han meir heilskapleg, enklare for brukarane og i tillegg sikre ein meir effektiv administrasjon og forvaltning.

Forskningsrådets innovasjonsprogram skal først og fremst ta seg av oppgåver som *ikkje* kan løysast gjennom SkatteFUNN. Innovasjonsprogramma er no organiserte i eit lite tal spesifikke program med klar tematisk avgrensing og i ein open konkurransearena utan tematiske prioriteringar. Målet er at næringslivets innovasjonsutfordringar blir handterte på ein betre måte, og at innretninga stimulerer til auka FoU-investeringar i næringslivet. Etableringa av ein brei konkurransearena for brukarstyrte prosjekt skal tiltrekke seg og styrkje dei beste innovasjonsprosjekta, same kva bransjetilhøyrse. Kvaliteten på prosjekta og tilskot til verdiskaping vil vere avgjerande.

I tillegg til dei spesifikt næringsretta programma, spelar også dei sju store programma i Satsingsdivisjonen ei positiv rolle for innovasjonsarbeidet.

Den nye ordninga med Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI), som Hovudstyret har store forventningar til, er eit viktig element i heilskapen. Målet er å styrkje innovasjonsevna i næringslivet gjennom satsing på langsiktig forskning i eit nært samarbeid mellom forskingsintensive bedrifter og framståande forskingsmiljø.

SFI-ordninga vart utlyst i 2005, og ved søknadsfristen i desember hadde Forskningsrådet teke imot 58 søknader. Minst ti senter skal etablerast i løpet av 2006.

### Samarbeidsavtale mellom Noregs forskingsråd, Innovasjon Norge og SIVA


I desember 2004 etablerte Forskningsrådet, Innovasjon Norge og SIVA ein samarbeidsavtale for åra 2005–2007. Avtalen har som mål at institusjonane kvar for seg og saman skal gi store og effektive tilskot til fornying, innovasjonsevne, konkurransekraft og verdiskaping i næringslivet. Samarbeidet skal resultere i tre tydelege og samkørde institusjonar, der verkemidla utfyller og underbyggjer kvarandre og står fram på ein meir heilskapleg måte for brukarane.

I 2005 vart det sett i gang ei rekkje konkrete utviklingsprosjekt for å realisere måla i samarbeidsavtalen. Mellom anna vart det arbeidd med utviklinga av ein felles elektronisk kundeport, ein meir treffsikker og heilskapleg verkemiddelportefølje, betre koordinerte system- og nettverksverkemiddel og eit betre kunnskapsgrunnlag for innovasjonspolitikken. Det vart også teke viktige steg for å styrkje eksisterande samarbeid innanfor utvalde aktivitetar.

## Nøkkeltall

### Totale inntekter 2005



Tilskot frå dei einskilde departementa (generelle og særskilde midlar) og andre inntekter (i mill. kroner)<sup>1</sup>



Totalt 4 609 mill. kroner. Inkl. administrasjon  
<sup>1</sup> Eksl. særskilde forvaltningsoppdrag

### Utgifter 2005

fordelt på Forskningsrådets verkemiddel og administrasjon (i mill. kroner)



Totalt 4 418 mill. kroner.

<sup>1</sup> basistildelingar, strategisk institusjonsstøtte, SFF, SFI og vitenskapleg utstyr



**Hovudstyret i Noregs forskingsråd per 1.1.2006.**

Framme frå venstre: **Geir-Stene Larsen** (leiar), **Tore Andreassen**, **Signe Bang** (representant frå dei tillsette). Andre rad: **Knut Liestøl**, **Marit Boyesen**. Bakarste rad: **Arild Underdal**, **Ingvild Sælid Gilhus**, **Unni Steinsmo**, **Lars A. Takla**. Idun Christie er fast medlem i Hovudstyret men har for tida permisjon. Tore Andreassen, 1. vara, møter i hennar stad.

FOTO: ANNE NORSETH

## Forskning og samfunn

«Forskningsrådet skal medverke til at forskinga blir viktigare for samfunnsutvikling og livskvalitet.»

Forskning er ein avgjerande føresetnad for samfunnsutviklinga, men samtidig er forskingsmiljøa avhengige av støtte og tillit frå samfunnet for å kunne drive verksemda si. Forskningsrådet ønskjer å medverke til ein kritisk og opplyst opinion, og legg store ressursar i formidlingsaktivitetar. Ei viktig målsetjing som gjeld tilhøvet mellom forskning og samfunn, er dessutan å medverke til ei etisk forsvarleg forskning.

Forskning for å styrkje kunnskapsgrunnlaget for politikktutforming er ei viktig oppgåve med stor verknad, også for dialogen mellom forskning og samfunn. Hovudstyret har i Forskningsrådets strategi lagt vekt på at ei av hovudutfordringane er å styrkje satsinga på forskning som utviklar sektorpolitikken og forvaltninga innanfor ansvarsområda i departementa. Viktige område er mellom anna miljø, velferd, utdanning, helse og arbeidsliv. Norske forskingsmiljø har også eit ansvar for å engasjere seg i globale utfordringar.

## Foresight

Forskningsrådet etablerte i 2004 verkemiddelet «Store programmar» for å realisere forskingssatsingar på viktige område for samfunnet. Dette ser ein mellom anna i dei sju store programma: *Funksjonell genomforskning* (FUGE), *Nanoteknologi og nye materialer* (NANOMAT), *Klimaendringer og konsekvenser for Norge* (NORKLIMA), *Framtidens rene energisystem* (REN-ERGI), *Program for maksimal utnyttelse av petroleumsreservene* (PETROMAKS), *HAVBRUK – En næring i vekst* og *Kjernekompetanse og verdiskaping i IKT* (VERDIKT).

For å identifisere grunnlaget for store satsingar framover, gjennomførte Forskningsrådet i 2004 og 2005 ein omfattande foresight-prosess innanfor fem ulike fagfelt. Ein havbruksanalyse vart lagd fram allereie i 2004, mens foresightrapportane for energi, IKT, bioteknologi og nye materiale vart ferdigstilte i 2005. Over 300 fagpersonar frå ulike fagfelt, forvaltning og politikk tok del i dei ulike prosessane. Resultat og vidare perspektiv vart presenterte på ein stor konferanse i mai.

## Nano-etikkrapporten

Forskningsrådet arbeider på ulike måtar med å fremje gode etiske standardar i forskinga. På bakgrunn av ein internasjonal debatt om moglege risikobilete knytte til nanoteknologisk forskning, sette Forskningsrådet i verk eit arbeid for auka etisk medvit på dette fagfeltet. I samarbeid med Teknologirådet og Den nasjonale forskningsetiske komité for naturvitskap og teknologi (NENT) resulterte dette arbeidet i ein rapport som vart gitt ut i februar 2005.

## Forskningsdagane

Forskningsdagane er eit årleg tiltak og er eitt av dei største tiltaka i Europa når det gjeld ei brei forskningsformidling. I 2005 var det over 1 000 arrangement i regi av 200 arrangørar over heile landet. Forskningsrådet er initiativtakar til dagane og held sekretariatet.

## Styrkt internasjonalisering

«Forskningsrådet skal medverke til å gjere forskinga i bedrifter og forskingsinstitusjonar meir internasjonal.»

Forskinga er i sitt vesen internasjonal, og stadig meir av norsk forskning går føre seg i samarbeid med utanlandske forskingsmiljø. Samforfattarskap på tvers av landegrensene blir meir vanleg, forskingsresultat blir formidla raskare over landegrensene, og forskarar frå fleire land konkurrerer i stor grad om dei same forskingsmidla. På norsk side trappar ein opp innsatsen for auka deltaking både i EU-samarbeidet, mellom regjeringar og mellom institusjonar. I tillegg til dei to hovudpartnarane, EU og USA, arbeider Forskningsrådet aktivt overfor Kina, som satsar tungt på å utvikle si forskingsverksemd, samt fleire andre bilaterale partnarar. Hovudstyret har gitt det internasjonale samarbeidet høg prioritet i perioden.

## Deltaking i EU-samarbeidet

Gjennom EØS-avtalen tek Noreg fullt ut del som medlem i EUs forskingssamarbeid. Det 6. rammeprogrammet for forskning er no i full drift. Mange vil leggje vekt på kor viktig det er at Noreg får tilslag på mange søknader for på den måten å rettferdiggjere ein tilsynelatande høg medlemskontingent. Dette er tvillaust eit sentralt aspekt, men det er etter Hovudstyrets syn enda viktigare at norske bedrifter og forskarar tek del i samarbeidet for å få tilgang på nettverk og kunnskapsutvikling. Det er elles gledeleg å kunne konstatere at norske aktørar gjer det godt i søknadsprosessen.

Planlegginga av det 7. rammeprogrammet er i full gang. Hovudlinjene i budsjetta for perioden fram til 2013 er også avklart. Det er frå EUs side lagt opp til auka budsjett og det er klart at Noreg må vente å auke sine kontingentutgifter vesentleg. Hovudstyret tilrår at Noreg framleis bør ta del i rammeprogramma, og Stortinget vil etter alt å dømme slutte seg til vidare deltaking.


## Nord-Amerika

Norske forskingsmiljø har sterke tradisjonar for samarbeid med amerikanske forskarar. Etter kvart har internasjonalt forskingssamarbeid i aukande grad retta seg mot Europa. Nord-Amerikas vekt er derfor relativt mindre enn tidlegare, og ein Nord-Amerika-strategi skal sikre framleis brei kontakt med USA og Canada. Forskningsrådet har fått eit hovudansvar for oppfølginga av den strategien som det daverande UFD laga for FoU-samarbeid med Nord-Amerika.

## Nøkkeltall


### Budsjett 2006

fordelt på Forskningsrådets verkemiddel og divisjonar (i mill. kroner)



### Budsjettutvikling 2000–2006


Tildelingar frå departementa (revidert budsjett) (i mill. kroner)



\* Disse tallene er frå budsjett 2006, mens dei andre er frå revidert budsjett

### Tal på avlagde doktorgradar 1998–2005

med finansiering<sup>1</sup> frå Forskningsrådet



<sup>1</sup> Ikke medrekna støtte på under 1,5 årsverk

Innsatsen har dette året vore retta mot stimulerings tiltak. Dette er organisert i to tiltak, eit for bilateralt samarbeid (BILAT) og eit for mobilitet (Leiv Eiriksson mobilitetsprogram). Det blir gitt ein avgrensa sum per prosjekt der hovudføremålet er å etablere samarbeid med partnerar i USA og Canada. *Leiv Eiriksson mobilitetsprogram* har som hovudføremål å få til auka mobilitet mellom norske og nord-amerikanske forskingsmiljø, og omfattar både inngåande og utgåande mobilitet.

## Rekruttering/Ta vare på talenta

*«Forskringsrådet skal medverke til at fleire vel forskning som karriereveg.»*

Ei offensiv målsetjing om stor vekst i FoU-investeringane føreset også fleire forskarårsverk. Særleg innanfor teknologi- og realfaga trengst det gode rekrutteringstiltak. I samarbeid med fleire andre aktørar arbeider Forskringsrådet for å utvikle ein strategi for dette.

### Likestilling i forskninga

For få av kvinnene som fullfører forskarutdanning, held fram med ein forskarkarriere. Det er også ei utfordring å rekruttere kompetente kvinner til forskingsleing og til program for framifrå forskning. Dei ferskaste tala frå NIFU STEP viser at kvinnedelen blant doktorane i første halvår 2005 utgjer 39 prosent. Kvinnedelen har lege om lag uendra i fire år. Samla sett utgjer kvinnedelen blant det vitenskaplege personalet i norsk forskning framleis i underkant av 30 prosent.

Hovudstyret vil i tida framover gi prioritet til arbeidet med å rekruttere kvinner inn i forskarstillingar, ikkje minst til leiande stillingar. I 2005 understreka Hovudstyret likestillingsperspektivet tydeleg i den nye utlysingsrunden for SFF.

### Forskarskolar

I Forskringsmeldinga har regjeringa signalisert at ho vurderer å etablere ei ordning med nasjonale forskarskolar, der miljø som kan vise til høg vitenskapleg kvalitet, kan konkurrere om status som nasjonal forskarskole og økonomiske midlar knytte til slik status. Bak dette ligg ein tanke om at FoU-veksten er avhengig av at vi aukar kapasiteten og utdannar fleire ph.d.-ar samtidig som kvaliteten blir halden oppe. Regjeringa har bede Noregs forskingsråd om å utarbeide forslag til ei slik ordning i samarbeid med Universitets- og høgskolerådet.

## Eit betre forskingsråd

*«Målet til organisasjonen er at Forskringsrådet skal vere: Ope, Tydeleg, Heilskapleg, Serviceinnstilt, Effektivt, Kompetent, Ein viktig arena.»*

For å kunne løyse oppgåvene sine er Forskringsrådet avhengig av tillit. Aktørane i forskingssystemet har krav på eit forskingsråd som ikkje berre oppnår og dokumenterer gode resultat, men som også arbeider på ein måte som blir verdsett av brukarane.

### IT-utviklinga

Forskringsrådet er i gang med å forenkle og standardisere dei administrative prosessane knytte til finansiering av forskingsprosjekt. I 2005 vart modulane for fagekspertvurdering, intern saksbehandling og eRapportering ferdigstilte. Den elektroniske saksbehandlinga omfattar dermed alle prosessane med unntak av kontraktsinngåing.

Forskringsrådets IT-baserte søknadssystem har vekt stor interesse hos forskingsråd i fleire andre land og hos andre norske finansieringsinstitusjonar.

### Habilitet

Etter gjennomgangen av Forskringsrådets habilitetsrutinar som vart sluttført i 2004, vart det etablert eit internt habilitetsutval som fortløpande vurderer problemstillingar som kjem opp i dei ulike programstyra. Erfaringane med søknadsbehandlinga i 2005 tyder på at auka medvit og forståing for reglane både i administrasjonen og i styra har gjort det lettare å handtere habilitetsspørsmål. Det blir lagt ned stort arbeid i å få oversikt over habilitet og organisere prosessane i styra slik at dette blir behandla på ein god og ryddig måte.

### Medarbeidarundersøkinga

Medarbeidarundersøkinga viser at dei tilsette i Forskringsrådet trivst svært godt på arbeidsplassen sin, at dei har gode høve til medverknad og er svært kvalitetsmedvitne. Samtidig avdekte undersøkinga nokre forbettringsområde i høve til arbeidsprosessar, kundeorientering og arbeidsbelastning. Undersøkinga blir følgd opp med fokus på tydeleggjing av hovudprioriteringar i organisasjonen, betre prosess- og prosjektorganisering og betre kundeorientering.

## Resultat av verksemda for året

Forskringsrådets samla inntekter i 2005 var 4 813 mill. kroner, av dette er tilskot frå departementa 4 621 mill. kroner. Avkastninga frå Fondet for forskning og nyskaping er no ein stor del av inntektene og utgjorde 640 mill. kroner i 2005. Driftskostnader, som omfattar både FoU-midlar og administrative kostnader, var totalt 4 781 mill. kroner. Forskringsrådets årsresultat for 2005 vart på 36,4 mill. kroner medrekna administrative forpliktingar og forskingsforpliktingar. Av dette er 27,1 mill. kroner auka forpliktingar, som går til å auke balanseførte forskings-

forpliktingar. Resultatet på 9,2 mill. kroner etter forskingsforpliktingar blir disponerte mot Forskringsrådets eigenkapital og andre forpliktingar.

Brutto forskingsforpliktingar er 970 mill. kroner samanlikna med 985 mill. kroner i 2004. Det gjer at ein relativ del forskingsforpliktingar i høve til budsjettet for året er redusert noko. Det gir balanseførte forskingsforpliktingar (tidlegare overføringar) på 792 mill. kroner, noko høgare enn i 2004 (775 mill. kroner). Forskringsforpliktingane i 2005 kjem mellom anna av sein oppstart av aktivitetar, at program og prosjekt har lågare forbruk enn budsjettet og at midlar til samfinansiering av EU-prosjekt skal dekkje fleire år og er avhengig av saksbehandlinga i EU. Oppstart av nye forskingsaktivitetar krev dessutan planlegging og kunngjering som tek tid, samt at utstyrsinnkjøp krev at det blir gjennomført tidkrevjande tilbudsprosessar.

Det er inga uvisse knytt til rekneskapen som har noko å seie for å avleggje rekneskapen, og det har heller ikkje oppstått ekstraordinære tilhøve som påverkar rekneskapen etter at rekneskapen er slutført. Forskringsrådet ber liten finansiell risiko og er sjølv-assurandør gjennom staten. Verksemda påverkar ikkje det ytre miljøet. I 2005 vart det starta eit internt «Grøn stat»-prosjekt for å medverke til meir miljøvennleg drift.

## Arbeidsmiljø – sjukefråvær

Forskringsrådet har eit kontinuerleg fokus på arbeidsmiljøspørsmål, og driv førebyggjande helsearbeid m.a. gjennom ulike treningstilbod. Som eit ledd i dette arbeidet vart det mvf. 1.9.2005 innført totalt røykeforbod i lokala til Forskringsrådet. På same tid vart dei tilsette tilbodne røykeavvenningskurs.

Det totale sjukefråværet i administrasjonen i 2005 er svært lågt – 3,3 prosent, slik det har vore dei siste åra. Sjukefråværsprosenten viser fråvær ved både eigen- og sjuke-meldingar. Fråvær grunna sjukdom hos barn, og permisjonar, er ikkje tekne med i talet.

Forskringsrådet skreiv under mvf 1.1.2003 ein avtale om inkluderande arbeidsliv. Avtalen fører med seg at sjukemelde blir følgde opp tettare enn tidlegare. Det er grunn til å tru at avtalen dermed medverkar til eit lågt sjukefråvær. For første gong sidan IA-avtalen vart underteikna, ser vi at gruppa med sjukefråvær på meir enn 10 prosent er redusert frå 10 prosent av dei tilsette i 2003 og 2004 til 8 prosent (27 personar) i 2005.

Samarbeidet mellom leiinga og fagforeiningane på huset fungerer godt.

## Tilsette – likestilling


Forskringsrådets administrasjon utgjer per 31.12.2005 339,3 årsverk/349 personar. Rådgivargruppa (rådgivarar og seniorrådgivarar) er den største stillingsgruppa med til saman 157,4 årsverk.

Per 31.12.2005 arbeider 36 personar (10 prosent) deltid. Av desse er 29 kvinner.

Av 339,3 årsverk er 133 årsverk menn og 206,3 årsverk kvinner, som gir ein kvinnedel på 60,8 prosent. Desse fordeler seg slik: I konsulentgruppa er 93 prosent kvinner,


## Nøkkeltall

### Offentlege tildelingar til forskning i og for næringslivet (faste 2004-prisar)



Trass i innføringa av SkatteFUNN-ordninga, har næringsretta FoU stagnert. Årsaka er reduksjon i offentlege tildelingar utanom Forskringsrådet. Men det har vore ein liten vekst frå 2004 til 2005.

### Mottekne søknader og tildelingar i 2005 fordelt på Forskringsrådets verkemiddel



Statistikken tek utgangspunkt i søknader til fagdivisjonane. Totalt mottok Forskringsrådet 5 191 søknader som er klassifiserte som FoU-prosjekt. Av disse blei 1 669 innvilga.

<sup>1</sup> Inkl. Infrastruktur, nettverkstiltak og diverse søknader



i rådgivargruppa (rådgivarar og seniorrådgivarar) 58,5 prosent, i spesialrådgivargruppa 37,6 prosent, i avdelingsdirektørgruppa 66,7 prosent og i direktørgruppa 28,6 prosent.

I Hovudstyret og divisjonsstyra er minst 40 prosent kvinner.

Forskningsrådet har gjennom sine rutinar for tilsetjing plikta seg til å ta likestillingsomsyn. Av 28 tilsetjingar i 2005 var 70 prosent kvinner fordelt på alle stillingsgrupper, herav to divisjonsdirektørstillingar der det vart tilsett kvinner, noko som vil gi ein kvinnedel i direktørgruppa på 40 prosent.

## Takk til dei tilsette

Hovudstyret rettar ein takk til dei tilsette i Forskningsrådet for stor innsats gjennom heile året.

## Perspektiv framover

Forskningsmeldinga har skapt optimisme i forskingsmiljøa og er også blitt motteken svært positivt i næringslivet. Dei neste åra vil vise om Noreg er i stand til å innfri dei ambisjonane som ligg i forskningsmeldinga, og som det er tverrpolitisk semje om.

Hovudstyret har store forventningar til den opptrappingsplanen for dei offentlege FoU-investeringane som Stortinget har bede regjeringa om å leggje fram, og meiner det er svært viktig at styresmaktene lykkast med å nå målet om eit offentlig investeringsnivå på éin prosent av BNP innan 2010. I motsett fall kan den optimismen som no pregar næringslivet og forskingsmiljøa, bli snudd til ein mangel på tillit til lovnadene frå styresmaktene.

Den nye regjeringa følgjer i hovudsak intensjonane i forskningsmeldinga, men gir enda meir prioritet til marin og maritim forskning, helse, velferdsforskning og ei satsing på energi og miljø, og ho har lagt til grunn at Noreg skal satse særleg der vi har naturlege føremoner og stort verdiskapingspotensial, samt særleg kompetanse.

Forskningsrådet er godt rusta til å iverksetje tiltak for å følgje opp intensjonane frå regjeringa. Dei strukturelle, tematiske og teknologibaserte prioriteringane følgjer langt på veg tilrådingane frå Forskningsrådet, og både organisering og programetablering gir godt grunnlag for oppfølging av prioriteringane i meldinga.

## Nordområda

Forskningsrådet organiserte allereie sommaren 2005 eit arbeid for å få fram ein forskingsstrategi for nordområda. I 2005 løyvde Forskningsrådet 330 mill. kroner til nordområderelevant forskning. Aktivitetane omfattar eit stort spekter av forskingsfelt innanfor for eksempel petroleum, klima, miljøgifter, jordovervaking og velferdspolitik. Frå Hovudstyrets side vil det vere naturleg å sjå satsinga på nordområda i samheng med det internasjonale polaråret (IPY), som i realiteten strekkjer seg over to heile år, og som vil ha store budsjettimplikasjonar i fireårsperioden 2007–2010.

## Internasjonalt samarbeid

I tida som kjem, vil det internasjonale perspektivet bli stadig viktigare i norsk forskingspolitikk. Ein veksande del av forskingsmidla, både dei offentlege og dei private, vil bli tildelte uavhengig av landegrensar. I denne konkurransen vil forskingsystema i alle land bli sterkt utfordra.

Noregs internasjonale FoU-samarbeid har tradisjonelt retta seg mot USA og Europa, men dei seinare åra har land i Asia teke til å spele ei større rolle. Den kinesiske veksten i FoU-investeringar er sterk, og mykje tyder på at Kina vil bli eit leiande land, ikkje berre i verdshandelen, men også i FoU-samheng.

## Bioteknologi


Regjeringa har varsla at ho ønskjer ei oppmjuking av regelverket for bioteknologisk forskning, og har starta arbeidet med å revidere bioteknologilova. Forskningsrådet har tidlegare teke til orde for ei endring av lova og Hovudstyret helse initiativet frå regjeringa velkommen.

Oslo, 31. desember 2005

20. april 2006

I styret for Noregs forskingsråd


  
Geir Stene-Larsen  
(leiar)

  
Ingvild S Gilhus  
(nestleiar)

  
Knut Liestøl


  
Lars A Takla

  
Unni Steinsmo

  
Arild Underdal

  
Tore Andreassen  
1. varamedlem

  
Signe Bang  
(repr. for dei tilsette)

  
Arvid Hallén  
(adm.dir.)

# Resultatrekneskap 1.1. – 31.12.2005

(1 000 kroner)	Note	2005	2004
<b>INNTEKTER</b>			
Generelle midlar	2	3 894 518	3 861 878
Særskilde midlar	2	726 327	728 831
Andre offentlege og private tilskot		147 939	157 663
Sals- og oppdragsinntekter		44 680	30 174
<b>Sum inntekter</b>		<b>4 813 464</b>	<b>4 778 546</b>
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>			
Forskningsprogram	2,3	2 033 836	1 940 901
Frittstående prosjekt	3	677 461	590 698
Infrastrukturtiltak	3	1 394 662	1 334 315
Nettverkstiltak	3	238 397	216 712
Diverse FoU-kostnader	3	80 146	87 208
Forvaltning	3	93 233	132 186
Lønnskostnader	4	225 545	212 580
Ordinære avskrivningar	5	23 589	19 750
Andre driftskostnader	3	14 034	11 775
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>4 780 903</b>	<b>4 546 125</b>
<b>FINANSPOSTAR</b>			
Finansinntekter		6 350	5 248
Rentekostnader		-2 521	-2 650
Andre finansposter		-1	2
<b>Sum finansposter</b>		<b>3 828</b>	<b>2 600</b>
<b>RESULTAT INKL. ADMINISTRATIV FORPLIKTING OG FORSKINGSFORPLIKTINGAR</b>		<b>36 389</b>	<b>235 021</b>
Administrativ avsetning	15	10 066	9 058
Forskningsforpliktingar	14	17 095	220 321
<b>RESULTAT ETTER ADMINISTRATIV FORPLIKTING OG FORSKINGSFORPLIKTINGAR</b>		<b>9 228</b>	<b>5 642</b>
<b>Disponeringar av resultat etter administrativ forplikting og forskningsforpliktingar</b>			
Eigedomsfond	13	-7 902	9 490
Investeringsfond	16	17 130	-3 848
<b>Sum disponeringar</b>		<b>9 228</b>	<b>5 642</b>

# Balanse 31.12.2005

(1 000 kroner)


	Note	31.12.2005	1.1.2005
<b>EIGEDLAR</b>			
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>			
<i>Varige driftsmidler</i>			
Tomter	5	17 715	11 564
Bygninger	5	92 484	95 781
Maskiner, inventar og liknande	5	52 764	49 638
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>162 963</b>	<b>156 983</b>
<i>Finansielle anleggsmidler</i>			
Obligasjonar	7	31 247	31 247
Aksjar	11	20	20
Langsiktige fordringar	10	6 054	6 619
Pensjonsmidlar	18	2 050	2 050
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>39 371</b>	<b>39 936</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>202 334</b>	<b>196 919</b>
<b>OMLØPSMIDLAR</b>			
Fordringar på departement	9	7 334	5 055
Kortsiktige fordringar		22 683	24 807
Kasse, bank, postgiro	8	1 436 814	1 329 269
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>1 466 831</b>	<b>1 359 131</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>1 669 165</b>	<b>1 556 050</b>

(1 000 kroner)	Note	31.12.2005	1.1.2005
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EIGENKAPITAL</b>			
Eigedomsfond	13	62 096	69 998
Investeringsfond	16	73 344	56 214
<b>Sum egenkapital</b>		<b>135 440</b>	<b>126 212</b>
<b>AVSETNING FOR FORPLIKTINGAR</b>			
Pensjonsforpliktingar	18	2 803	2 702
Administrativ avsetning	15	32 207	22 141
Forskningsforpliktingar	14	791 709	774 613
<b>Sum avsetning for forpliktingar</b>		<b>826 719</b>	<b>799 456</b>
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>			
Langsiktig lån	6	46 274	49 833
Langsiktige tildelingar	17	6 192	10 621
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>52 466</b>	<b>60 454</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld	12	484 294	429 423
Skuldig avgifter og skattetrekk		18 765	16 180
Skuldig lønn og feriepengar		22 820	22 711
Annan kortsiktig gjeld	20	128 661	101 614
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>654 540</b>	<b>569 928</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>1 669 165</b>	<b>1 556 050</b>

Oslo, 31. desember 2005

20. april 2006

I styret for Noregs forskingsråd


  
Geir Stene-Larsen  
(leiar)

  
Ingvild S Gilhus  
(nestleiar)


  
Knut Liestøl


  
Lars A Takla

  
Unni Steinsmo

  
Arild Underdal

  
Tore Andreassen  
1. varamedlem

  
Signe Bang  
(repr. for dei tilsette)

  
Arvid Hallén  
(adm.dir.)



# Kontantstrømoppstilling

(1 000 kroner)

	2005	2004
<b>LIKVIDAR TILFØRT/BRUKT PÅ VERKSEMDA:</b>		
Tilført frå verksemda i året *)	10 918	30 943
+/- Endring i lager, debitorar og kreditorar	84 457	-89 938
+/- Endring i andre tidsavgrensingspostar	27 162	269 338
<b>=(A) Netto likviditetsendring frå verksemda</b>	<b>122 537</b>	<b>210 343</b>
<b>LIKVIDAR TILFØRT/BRUKT PÅ INVESTERINGAR:</b>		
- Investeringar i varige driftsmidlar	-29 569	-29 978
+ Sal av varige driftsmidlar (salssum)	22 000	0
+/- Endring i andre investeringar	565	5 469
<b>=(B) Netto likviditetsendring frå investeringar</b>	<b>-7 004</b>	<b>-24 509</b>
<b>LIKVIDAR TILFØRT/BRUKT PÅ FINANSIERING:</b>		
- Tilbakebetaling langsiktig tildeling	-4 429	-9 000
- Nedbetaling av gjeld	-3 559	-3 560
<b>=(C) Netto likviditetsendring frå finansiering</b>	<b>-7 988</b>	<b>-12 560</b>
<b>A+B+C Netto endring i likvidar i året</b>	<b>107 545</b>	<b>173 274</b>
+ Likviditetsbeholdning 1.1.	1 329 269	1 155 995
<b>Likviditetsbeholdning 31.12.</b>	<b>1 436 814</b>	<b>1 329 269</b>

\*) Dette talet kjem fram slik:

Årsresultat	9 228	5 642
+ Ordinære avskrivningar	23 589	19 750
+ Nedskrivning bustadinnskot	0	48
+ Pensjonskostnad utan kontant effekt	101	5 503
+/- Vinst (-) / tap (+) ved sal av anleggsmidlar	-22 000	0
+ Tap på obligasjonar	0	0
<b>= Tilført frå verksemda i året</b>	<b>10 918</b>	<b>30 943</b>

# Notar til resultatrekneskapen og balansen (alle tal i 1 000 kroner)

## NOTE 1 Generelt

Noregs forskingsråd er etablert som eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og underlagt dei krava ein stiller til statleg økonomiforvaltning. Forskringsrådet rapporterer ikkje til statsrekneskapen på kapittel og post.

Rekneskapen i Forskringsrådet er tilpassa til rekneskapslova og Noregs forskingsråd blir revidert av Riksrevisjonen.

## Randsoneverksemda i Forskringsrådet

Forskringsrådets randsoneverksemdar, KILDEN, Teknologirådet og Dei nasjonale Forskrings-etiske komiteane, er konsoliderte inn i hovudrekneskapen. Randsoneane fører særskilde rekneskap etter same rekneskapsprinsipp som for Forskringsrådet.

## Prinsipp for inntektsføring

Offentlege og private tildelingar blir inntektsførte i tildelingsåret. Mottekne midlar og tilskot som ikkje er formidla vidare til mot-takar, er overført som forskingsforpliktingar.

## Prinsipp for kostnadsføring

Kostnadsføringa på prosjekt og program er utbetalt automatisk i samsvar med framdrifta og forbruket i prosjektet. Tildelingar som er haldne igjen i påvente av godkjenning av sluttrapport for forskingsprosjekta, er periodiserte i rekneskapen. Dei administrative kostnadene i Forskringsrådet blir rekneskapsførte i den perioden dei kjem på.

## Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar som er eigde av Forskringsrådet, blir aktiverte og avskrivne dersom dei har levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig 50 000 kroner. Vedlikehald av driftsmidlar kostnadsfører ein løpande under driftskostnader, mens påkostingar blir lagde til kostprisen for driftsmidla og avskrivne i takt med desse.

## Obligasjonar

Statsobligasjonar er klassifiserte som finansielle anleggsmidlar og vurderte til lågaste verdi av kostpris og marknadsverdi på balansedagen. Statsobligasjonar er relaterte til Forskringsrådets Investeringsfond.

## Aksjar

Aksjar eigde av Forskringsrådet er klassifiserte som finansielle anleggsmidlar og vurderte til kostpris.

## Pensjonar og pensjonsforpliktingar

Pensjonsordningane er rekneskapsført som yttingsplanar. For desse ordningane reknar ein pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar etter lineær opptening basert på føresetnader om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlar samt aktuarmessige føresetnader om dødeleghet og avgang. Pensjonsmidla er vurderte til verkeleg verdi og frådregne i netto pensjonsforpliktingar i balansen. Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanane fordeler ein over sannsynleg gjenverande

oppteningstid. Endringar i forpliktingane og pensjonsmidla som kjem av endringar i avvik og utrekningsføresetnader (estimatendringar) fordeler ein over sannsynleg gjenomsnittleg gjenverande oppteningstid dersom avvika når året tek til overstig 10 % av det største av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar.

## Klassifisering av balanseposter

Fordringar og gjeld som knyter seg til den normale drifta, blir klassifiserte som omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Andre fordringar og gjeld med forfall ut over eitt år er klassifiserte som anleggsmidlar og langsiktig gjeld.

## Omklassifiseringar

Den administrative avsetninga har i tidligare år vore klassifisert som eigenkapital. Denne avsetninga er frå og med 2005 omklassifisert til ei avsetning for administrativ forplikting. Inngåande balanse er omklassifisert slik at rekneskapane blir samanliknelege.

Det er innført to nye verkemiddel i 2005 som er gitt tilbakeverande kraft. I resultatrekneskapen er derfor driftskostnadene for 2004 omarbeidde med dei to nye verkemidla slik at tala kan samanliknast.

## Kontantstraumoppstilling

Som ein del av rekneskapen er det utarbeidd ei kontantstraumoppstilling som viser korleis Forskringsrådet har motteke og brukt midlane sine.

## NOTE 2 Tilskot frå departement

Generelle og spesielle midlar fordeler seg slik på departementa i 2005:

Departement	Generelle midlar	Særskilde midlar	2005 SUM
Nærings- og handelsdepartementet	896 400		896 400
Utdannings- og forskingsdepartementet	1 863 460	66 750	1 930 210
Olje- og energidepartementet	393 550	500	394 050
Fiskeri- og kystdepartementet	238 000	5 000	243 000
Landbruks- og matdepartementet	293 854	34 511	328 365
Miljøverndepartementet	209 254	6 650	215 904
Moderniseringsdepartementet		68 500	68 500
Arbeids- og sosialdepartementet		88 400	88 400
Utanriksdepartementet		82 088	82 088
Helse- og omsorgsdepartementet		146 388	146 388
Barne- og familiedepartementet		20 350	20 350
Samferdselsdepartementet		117 200	117 200
Finansdepartementet		20 219	20 219
Kultur- og kyrkjedepartementet		11 744	11 744
Justis- og politidepartementet		2 150	2 150
Kommunal- og regionaldepartementet		55 877	55 877
	<b>3 894 518</b>	<b>726 327</b>	<b>4 620 845</b>

Generelle midlar fordeler Forskringsrådet etter mål og retningslinjer dregne opp av departementa. Spesielle midlar er tildelingar øyremerkte spesifiserte FoU-aktivitetar.

### NOTE 3 Driftskostnader

Divisjon	Forskningsprogram	Frittstående prosjekt	Infrastrukturtiltak	Diverse FoU	Nettverks-tiltak	Forvaltning	Felleskostnader	Totalt
Store satsingar	1 026 514	7 604	104 662	11 040	16 795	4 882	47 414	1 218 911
Vitskap	300 415	569 271	666 338	33 615	23 739		55 308	1 648 686
Innovasjon	671 907	31 140	623 662	1 228	171 236	88 350	74 430	1 661 953
Administrerende direktør		69 446		75	26 627		15 808	111 956
Administrasjon				34 188			70 209	104 397
Endring estimerte kostnader	35 000							35 000
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2 033 836</b>	<b>677 461</b>	<b>1 394 662</b>	<b>80 146</b>	<b>238 397</b>	<b>93 232</b>	<b>263 169</b>	<b>4 780 903</b>

Eit *Forskningsprogram* er ein målretta og tidsavgrensa forskningsinnsats for å framskaffe ny kunnskap på eit avgrensa felt, og omfattar store program, brukarstyrte program, grunnforskningsprogram og handlingsretta program.

*Frittstående prosjekt* er tildelingar til forskingsprosjekt som ikkje er knytte til program eller infrastrukturtiltak, og omfattar stipend, prosjekt- og miljøstøtte, frittstående EU-prosjekt og andre frittstående prosjekt.

*Infrastrukturtiltak* omfattar grunntildelingar til institutt, strategiske universitets- og instituttprogram, utstyr og instrument og andre infrastrukturtiltak, samt senter for framifrå forskning (SFF).

*Diverse FoU-kostnader* består av kontingentar til nasjonale og internasjonale organisasjonar, informasjons-, formidlings- og publiseringstiltak, planlegging, utgreiing og evaluering samt stimuleringsstiltak og nettverksbygging.

*Felleskostnader* omfattar kostnader knytte til administrasjon i Forskningsrådet, faglege sekretariat o.l.

